

PRAKTISERINGSRUNDSKRIV 2018

FORSKRIFT OM TILSKOT TIL REGIONALE MILJØTILTAK I JORDBRUKET, SOGN OG FJORDANE (REGIONALT MILJØPROGRAM) MED KOMMENTARAR, 2018

FOR-2018-06-29-1070

Innleiande kommentar:

For utfyllande informasjon om sakshandsamingsrutiner, syner vi til Landbruksdirektoratet sitt rundskriv 2018-17: *Saksbehandlingsrutiner for søknad om regionale miljøtilskudd i jordbruket på*. Rundskrivet er tilgjengeleg på:

<https://www.landbruksdirektoratet.no/no/miljo-og-okologisk/regionalt-miljotilskudd/om-regionale-miljotilskudd/regelverk>

Alt søknadsmateriale, anna relevant rettleiing, link til elektronisk søknad og andre relevante linkar er å finna på nettsida for RMP: www.fylkesmannen.no/sfj/rmp. (under omtala som rmp-nettsida). På rmp-nettsida finn de og søkerettleiing og video med søkerettleiing som er utarbeidd av Landbruksdirektoratet (Ldir).

Rettleiingsheftet inneheld nyttig informasjon som ikkje er teke med i dette praktiseringsrundskrivet, og rettleiingsheftet og praktiseringsrundskrivet vil såleis utfylla kvarandre.

Alle tiltaka i søknaden skal kartfestast. Dette gjeld ikkje tilskot til beitedyr i verneområde (utmark). Eit tiltak som er kartfesta treng ikkje kartfestast på nytt ved seinare søknadsomgangar med mindre det er endringar i søknaden. Dei som søker elektronisk skal kartfeste direkte i søkeprogrammet. Dei som søker på papir skal kartfeste på papir og leggje ved søknaden. Stølar, styvingstre og automatisk freda kulturminne skal kartfestast som punkt (styvingstre vert markerte som eitt punkt per gruppe tre, og eitt punkt kan såleis representere t.d. eitt eller 50 tre). Steingardar og bakkemurar skal markerast med ei linje i kartet. Dei resterande tiltaka skal markerast som område i kartet (markering av heile arealet).

Søklarane får ei melding på mobil kring 1. oktober om at dei kan søkje og kvar dei finn søknadsinformasjonen. Dei som ynskjer å søkje på papirskjema kan skrive det ut frå heimesida til Fylkesmannen eller å kontakte kommunen. Dei søknadene som kjem inn på papir skal kommunen leggje inn i sakshandsamingsprogrammet. Ldir har utarbeidd ei brukarretteiing for kommunen si sakshandsaming i eStil (sakshandsamingssystemet). Brukarretteiinga er tilgjengeleg på: <http://guidecloud.se/landbruksdirektoratet/40.guide>

Den elektroniske søknadsomgangen vert opna 1. august, og søknadsfristen er 15.oktober .

Under følgjer forskrifta med utfyllande kommentarar. Teksten i ramme under paragrafane er utfyllande kommentarar.

Forskrift om tilskot til regionale miljøtiltak i jordbruket, Sogn og Fjordane

Fastsett av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 29. juni 2018 med heimel i lov av 12. mai 1995 nr. 23 om jord (jordlova) § 18 og delegeringsvedtak 14. desember 2004 nr. 1615.

Erstattar forskrift FOR 2015-06-03-637: Forskrift om tilskot til regionale miljøtiltak i jordbruket i Sogn og Fjordane.

§ 1 Føremål

Føremålet med denne forskrifta er å bidra til at kulturlandskapet i Sogn og Fjordane vert halde i hevd og at jordbruket vert drive på ein miljømessig forsvarleg måte.

§ 2 Virkeområde

Forskrifta gjeld for tilskot til miljøtiltak i Sogn og Fjordane fylke.

Støtteordningane gjeld for tiltak og aktivitet utført i Sogn og Fjordane. Føretak som er registrert i anna fylke kan såleis få støtte dersom dei har drift i Sogn og Fjordane. Føretak i Sogn og Fjordane som har dyr, areal m.m. i andre fylke vil ikkje kunne få støtte for dette i RMP for Sogn og Fjordane.

For føretak som har drift (til dømes beitedyr eller stølsdrift) i grenseområde mellom to fylke, bør kommunen vurdere kvar tyngda av drifta føregår og handtere søknaden deretter. Men ein bør sjekke at føretaket ikkje også får støtte frå nabofylket. Dersom eit føretak i ein kommune i Sogn og Fjordane også har drift i ein annan kommune i Sogn og Fjordane, skal det likevel søkje om tilskot i heimkommunen.

§ 3 Grunnvilkår

Det kan berre gjevast tilskot til miljøtiltak etter denne forskrifta til:

-Føretak som har rett til produksjonstilskot, jf. forskrift 19. desember 2014 nr 1817 om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket, og/eller

-Beitelag som er godkjent av kommunen og som er registrert i Einingsregisteret, jf. einingsregisterlova 13. juni 1994 nr. 15.

For alle føretak som har jordbruksareal med planteproduksjon og som har rett til produksjonstilskot, er det eit vilkår at føretaket oppfyller krava til gjødslingsplan i forskrift 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging § 3.

Ved bruk av plantevernmidlar er det eit vilkår at føretaket oppfyller krava til føring og oppbevaring av journal i forskrift 6. mai 2015 nr. 455 om plantevernmidlar, § 20 og § 26, og føring av register over plantevernmidlar i same forskrift, artikkel 67.

Det er eit grunnleggjande vilkår at søkjaren har rett på vanleg produksjonstilskot. Dei som har rett til å søkje produksjonstilskot, men som ikkje gjer det kan likevel søkje tilskot frå RMP. Då må kommunen sjekke at søkjaren faktisk oppfyller kriteria for å kunne søkje om produksjonstilskot. Det er same registreringsdato på dyretal, areal og andre opplysningar som for vanleg produksjonstilskot: 1.oktober i søknadsåret. I tillegg er det eigen søknadsfrist 10. november for driftsstøtte til beitelaga.

Bruk som inngår i samdrifter kan søkje på tilskot frå RMP kvar for seg eller samla etter same retningslinjer og praktisering som for nasjonale produksjonstilskot, men slik at det vert gjort på same måte i begge ordningane.

Føretaket kan søkje om tilskot for all landbruksdrift som føretaket driv, både på eige og leigd areal. Dette gjeld også kulturminne m.m. som ligg på leigd areal. Arealet skal vere i samsvar med det arealet som det er søkt om i søknad om produksjonstilskot.

Det er ein føresetnad at føretaket oppfyller krava til gjødslingsplan og plantevernjournal for å kunne søkje om tilskot frå regionalt miljøprogram.

§ 4 Tilskot til stølsdrift med mjølkeproduksjon

Tilskot kan gjevast for minst 4 veker stølsdrift med mjølkeproduksjon der heile mjølkeproduksjonen på føretaket skjer på stølen i denne perioden. Det kan gjevast ekstra tilskot ved minst 6 vekers stølsdrift.

Føremålet med ordninga er å ta vare på dei særmerkte verdiane i kulturlandskapet knytt til stølsdrift med mjølkeproduksjon på storfe og/eller geit. I søknaden er tiltaket delt i to ulike ordningar; «Drift av enkeltstøl med mjølkeproduksjon» og «Drift av fellesstøl med mjølkeproduksjon».

Stølsdrifta må vere knytt til beitebruk med mjølkeproduksjon i utmark. Den må ha ein positiv verdi for kulturlandskapet, i den forstand at drifta bidreg til å førebyggje eller redusere attgroing og bidreg til å ta vare på verdifulle bygningsmiljø og/eller stølsbeite. Drifta må vurderast i forhold til tidlegare stølsdrift, tradisjon og praktisering av det tidlegare regelverket for tilskot til stølsdrift. Det vil også vere mogeleg å få godkjent nye stølsområde.

Bilvegar, nye mjølkestallar, oppdyrking eller andre tiltak skal ikkje redusere særskilde kulturhistoriske eller biologiske verdiar i stølsområdet. Bygningar som vert nytta til stølsdrifta treng ikkje fysisk vere plasserte på det gamle stølsområdet, det kan vere tilfelle der nye mjølkestallar og oppdyrka beiteareal kan redusere verdien av bygningsmiljø og kulturlandskap på gamle stølar.

For fellesstølar, dvs der fleire føretak har felles drift på stølen, blir tilskotet delt på tal medlemmar i fellesstølen. Samdrift som har stølsdrift i slik fellesstøl vert rekna som eitt medlem.

Dersom eit føretak driv to åtskilde stølar og det er minst fire vekers stølsdrift på kvar støl, så kan det søkast på tilskot for begge stølane etter den lågaste tilskotssatsen. Dersom eit føretak driv to åtskilde stølar med minst fire vekers stølsdrift på den eine stølen og minst seks vekers stølsdrift på den andre stølen, så kan det søkast på tilskot for den eine stølen etter den lågaste tilskotssatsen og for den andre stølen etter den høgaste tilskotssatsen. Dersom eit føretak driv to åtskilde stølar og det er minst seks veker stølsdrift på kvar støl, så kan det søkast på tilskot for begge stølane etter den høgaste tilskotssatsen. For at to stølar her skal kunne reknast som åtskilde må dei ha kvart sitt produksjonsanlegg/mjølkestall, og beiteområdet der geitene/kyrne beiter på dei to stølane skal ikkje vera overlappende.

§ 5 Tilskot til drift av bratt areal

Tilskot kan gjevast til føretak som skjøttar fulldyrka og overflatedyrka jord med ei helling på 1:5 eller brattare. Det er ein føresetnad at arealet vert slått og hausta som fôr minst ein gong pr. år. Det kan gjevast ekstra støtte til areal med helling på 1:3 eller brattare. Det kan setjast ei øvre grense på total støtte pr føretak. Tilskotet kan avgrensast til føretak der det bratte arealet utgjer ein vesentleg del av det totale slåttearealet. Kravet til hausting av fôr gjeld ikkje for hagebruksareal.

Føremålet med ordninga er å ta vare på bratt areal som eit særpreg for kulturlandskapet i fylket.

Areal som berre blir beita eller beitepussa kan ikkje godkjennast, arealet skal slåast og haustast som fôr. Ordninga gjeld også fulldyrka og overflatedyrka areal som blir brukt til hagebruk.

Det er ikkje lenger noko nedre eller øvre grense på tal dekar som kan støttast, men kvart føretak kan maksimalt få utbetalt kr 40 000 i tilskot frå denne ordninga.

§ 6 Tilskot til Organisert beitebruk

Tilskot kan gjevast til drift av godkjent beitelag som arbeider for felles beitebruk i utmark og redusert beitetap gjennom organisert tilsyn, sanking og andre fellestiltak.

Føremålet med ordninga er å stimulere til samarbeidstiltak for å få til ein effektiv beitebruk som bidreg til å halde kulturlandskapet ope.

Tilskot til beitelaget blir gjeve per heimsanka dyr, og er ei driftsstøtte for det meirarbeidet som ligg i organisering av fellestiltak. Tilskotet kan elles brukast til investeringar eller tiltak i regi av beitelaget som er positive for beitebruken.

Beitelaga kan få støtte for heimsanka dyr av både småfe og storfe som har vore på beite i utmark i minst 8 veker. Mjølkekyr og mjølkegeit i stølsdrift kjem også inn under ordninga dersom dei oppfyller kravet til 8 vekes beiting i utmark (ikkje inngjerda areal) i same beiteområde som andre dyr i beitelaget.

For at ein søknad frå eit beitelag skal kunne godkjennast, vert det sett krav om at beitelaget leverer inn årsrapport med tapstal, saman med førebels rekneskapstal og førebels årsmelding som syner aktivitet i laget i søknadsåret. Det vert sett krav om målretta bruk av midlar for beitebruken i inneverande år, men dette kravet kan fråvikast dersom beitelaget gjennom årsmeldinga omtalar konkrete investeringar/satsingar som laget sparar midlar til. I tillegg vert det stilt krav om at laget har avvikla årsmøte og at det er gjennomført organisert tilsyn og sanking tilpassa tilhøva i det einskilde beiteområdet. Det skal kome fram av den førebelse årsmeldinga at laget har oppfylt krava som er sett over. Vi viser her til formuleringa "Tilskot kan gjevast til drift av godkjent beitelag..."

Beitelaga skal søkje elektronisk innan eigen søknadsfrist 10.november. Berre beitelag som er registrerte i Einingsregisterert med organisasjonsnummer ved søkjetidspunktet kan søkje. Rettleiingsmateriale for søknadsomgangen vil bli sendt beitelaga og kommunane i løpet av hausten.

Tilskotet kan også gå til lag som ikkje har "beitelag" eller "sankelag" i namnet. Det vesentlege er kva drift laget utfører, ikkje namnet. Men det må gå fram av vedtektene for laget at det (også) har oppgåver som beitelag/sankelag.

Dersom nokon ynskjer å etablere nytt beitelag, har dei frist fram til 10. november med å få det registrert i Einingsregisteret. Mal for vedtekter ligg på nettsidene til Norsk Sau og Geit, sjå: www.nsg.no

Beitelaga kan også bruke driftsstøtta til felles beitetiltak på innmark, jamfør formuleringa "andre fellestiltak". Dette kan til dømes vere etablering av felles vår-/haustbeite på bruk som er ute av drift, felles gjerdeordningar m.m.

§ 7 Tilskot til skjøtsel med ammegeit og kje

Tilskot kan gjevast for ammegeit og kje som beiter på inngjerda/avgrensa areal i minst 8 veker og der beitinga reduserer attgroinga.

Føremålet med ordninga er å stimulere til bruk av ammegeit og kje som gode landskapspleiarar for å opne, halde opne og førebyggje attgroing av areal som er viktige for det opne kulturlandskapet.

Ordinga gjeld beiting både på og ved jordbruksareal, og andre område som ein ønskjer å halde opne. Dette kan til dømes vere elvekantar, vegkantar, rasteplassar, utsiktsområde, stølsvollar eller liknande areal. Kravet er at beitinga er styrt, det vil seie at arealet er avgrensa av gjerde eller naturleg stengsel. Eit inngjerda dyrka område i drift heilt utan busker og kratt ligg utanfor intensjonen med ordninga. I denne ordninga ligg det derimot godt til rette for at ein eller fleire brukarar kan leige areal som er ute av drift og nytte det til beite og dermed hindre attgroing.

I område med mykje busker og halvstore tre vert det stilt krav om at ein kombinerer beiting med manuell skjøtsel (litt skogrydding og tynning). Tre som blir ringberkte av beiting bør fellast og leggjast i haugar slik at arealet står fram som ryddig og stelt.

Ammegeit vil her seie geit over eitt år som ikkje vert nytta i mjølkeproduksjonen, samt bukkar og kastratar over eitt år. For kjea gjeld det og avkom av geit i mjølkeproduksjonen.

Det er ein føresetnad at dyra har rikeleg tilgang på mat og vatn og at dei beiter, dvs tek opp det vesentlege av næringstrongen gjennom beite. Tilskotet gjeld berre for dyr frå buskapar som er sjukdomssanerte og/eller som har dokumentert god helse. For å hindre spreieing av smitte oppmodar vi om å bruke dyr frå sjukdomssanerte buskapar. I følgje Mattilsynet skal geiter og kje haldast isolert frå andre husdyr ved eventuell utleige og etter eventuelt sal.

Tilskotet vert gjeve til den som eig dyra ved søkjetidspunktet. Det vil seie at tilskot for dyr som er leigd bort til skjøtsel, tilfell eigaren og ikkje leigetakaren.

Det er krav om minst 0,5 daa beite pr dyr. Både tal dyr og tal dekar for beitet skal leggjast inn i søknaden, og dataprogrammet avgrensar sjølv tilskotet dersom det vert søkt om for mange dyr i høve til areal.

§ 8 Tilskot til bevaringsverdige husdyrrasar

Tilskot kan gjevast for nasjonale, trua bevaringsverdige husdyrrasar som enten har opphav i, eller har ei spesiell utbreiing av nasjonal verdi i Sogn og Fjordane.

Tilskot til bevaringsverdige husdyrrasar er gått ut som regionalt tilskot og flytta over som ei nasjonal ordning i produksjonstilskot.

§ 9 Tilskot til beitedyr i verneområde

Tilskot kan gjevast for husdyr som er på beite i minst 8 veker i landskapsvernområde eller nasjonalparker oppretta med heimel i Naturvernlova der kulturlandskap med beitebruk er eitt av verneføremåla.

I det nasjonale søknadsskjema heiter ordninga «Beite i utmark», men ordninga gjeld **berre** for beitedyr i utvalde verneområde og nasjonalparker. Føremålet med ordninga er å stimulere til bruk av beitedyr for å halde ved like areal i verneområde der kulturlandskap er eitt av verneføremåla.

Ordninga gjeld i praksis følgjande beitande husdyr: storfe, hest, sau, lam, geit og kje.

Tilskotsordninga gjeld dyr som beiter innanfor Nærøyfjorden LVO, Bleia- Storebotnen LVO ekskludert Bleia Naturreservat, Stølsheimen LVO, Jostedalsbreen NP, Jotunheimen NP/Utladalen LVO, Naustdal – Gjengedal LVO, Ålfotbreen LVO, Mørkrisdalen LVO, Vigdalen LVO og Breheimen NP.

Det aller meste av desse store verneområda ligg i skog og utmark, men i den grad enkelte verneområde også omfattar innmarksareal, vil ordninga også gjelde der.

Dersom eit føretak har ein del av flokken på beite i eitt verneområde og resten utanfor, vil ordninga gjelde dei dyra som beiter innanfor. Beitedyr vil ofte streife inn og ut av eit verneområdet, og her må ein bruke praktisk skjønn. Dyra må ha normalbeite innanfor verneområdet i mesteparten av dei 8 vekene, og ein skal då ta utgangspunkt i grensa for verneområdet. Dyr som ein veit beiter utanfor verneområdet (t.d. i randsonenen eller i innfallportane til verneområdet) kan det ikkje gjevast tilskot for.

Det kan ikkje søkjast for same beitedyra i meir ein eitt verneområde i same søknadsomgang.

Grensa for dei ulike nasjonalparkane og landskapsvernområda kan sjåast i www.fylkesatlas.no.

§ 10 Tilskot til verdifulle element i kulturlandskapet

Tilskot kan gjevast til føretak som tek vare på og skjøttar verdifulle element i kulturlandskapet.

Det kan gjevast tilskot til følgjande:


1. *Automatisk freda kulturminne, avgrensa til maksimalt 10 fornminne pr føretak*
2. *Steingardar og bakkemurar*
3. *Styvingstre*

Tilskotsordninga gjeld årleg skjøtsel og vedlikehald av element i kulturlandskapet. Kommunen kan ikkje godkjenne RMP-tilskot til element som treng omfattande restaurering. Ved slike høve bør kommunen oppfordre føretaket til først å søkje om SMIL-midlar til istandsetting.

Automatisk freda kulturminne

Føremålet med ordninga er å ta vare på og skjøtte automatisk freda kulturminne som viktige element i jordbruket sitt kulturlandskap. Ordninga omfatta tidlegare berre gravminne, men er no utvida til å gjelde alle automatisk freda kulturminne i kulturlandskapet.

Det er eit vilkår for tilskot at kulturminnetypen er avklart og registrert i Riksantikvaren sin database www.kulturminnesok.no, sjå nedanfor. I tillegg må kulturminnet ha ei klar geografisk plassering og avgrensing. Kontakt fylkeskommunen si kulturavdeling dersom automatisk freda kulturminne ikkje er med i databasen.



Skjøtselstiltaka må vere i samsvar med kulturminnemyndigheita i fylkeskommunen sine retningslinjer for skjøtsel av slike element. Retningslinjene er punktvis nemnde i rettleiingsheftet. Eit føretak kan få støtte for inntil 10 kulturminne.

Generelt om skjøtsel av slike kulturminne: Utan å innhente løyve kan brukaren fjerne rusk og rask som eventuelt har samla seg i området, og også fjerne busker, kratt og renningar. **NB!** **Brukaren må ha skriftleg løyve frå kulturminnemyndigheita i fylkeskommunen for å utføre terrengingrep som til dømes å flytte lausmassar eller stein på og ved fornminnet.**

Steingardar og bakkemurar

Føremålet med ordninga er å ta vare på steingardar og bakkemurar som eit særtrekk ved kulturlandskapet i fylket.

Steingardane må vere i såpass stand at dei framstår som eit gjerde og ha ei viss høgde, dvs minst 75 cm. Ordninga gjeld for gjerde i både innmark og utmark, så sant dei elles oppfyller krava. Gjerdet må og haldast fritt for vegetasjon og vere godt synleg i landskapet. Det skal vere eit oppmura gjerde, ikkje ei rydningsrøys. Gjerdet treng ikkje vere heile den opphavlege gjerdelina, men den delen det vert søkt tilskot for må framstå som heil.

Dersom steingarden er eit nabogjerde vil dei ulike eigarane vanlegvis ha ansvar for ulike delar av steingarden, og støtta frå RMP går til den som utfører vedlikehaldet. To naboar kan såleis ikkje begge få støtte for same strekninga av steingarden, men dei kan søkje for kvar sin del av gjerdestrekninga. For at ein steingard skal kunne godkjennast for tilskot, må vedlikehaldet utførast på begge sider av steingarden.

Bakkemurar er oftast knytt til terrassering av jordbruksareal eller som støtte for gamle landbruksvegar. Høgda bør vere minst ½ meter for at det skal kunne reknast som bakkemur i denne samanheng. Den kulturhistoriske verdien er sentral og nye murar fell difor utanfor denne ordninga. Ordninga gjeld heller ikkje murar langs elvar, bekkar og kanalar.

Styvingstre

Føremålet med ordninga er å ta vare på styvingstre som eit særtrekk ved kulturlandskapet i fylket og som biologisk og kulturhistorisk viktige element.

Styvingstre er tre som blir styva/nava jamleg, om lag kvart femte – sjuande år, og som har vore styva minst ein gong. Tilskotet skal i utgangspunktet berre gjevast for eldre styvingstre. Det skal berre gjevast tilskot for tre som er i aktiv skjøtsel. Det vil seie at trea må ha blitt styva i det året det vert søkt om tilskot eller i løpet av dei sju siste åra. Det vert berre gjeve tilskot for skjøtsel av styvingstre der det tradisjonelt har vore styva og det framleis finst eldre styvingstre. I 2005 blei det fleire stader etablert "nye styvingsområde" ved at yngre tre blei kappa av. Desse trea vert ikkje rekna som "eldre styvingstre" og det kan ikkje gjevast tilskot for desse.

Vi minner her om at styvinga skal vere med på å ta vare på og utvikle det særmerkte kulturlandskapet, jamfør føremålet med RMP. Men det er likevel mogeleg å få godkjent nye/nyare styvingstre i område der det tradisjonelt har vore styva og det framleis finst eldre styvingstre. Kravet er at nye/nyare styvingstre som vert etablert erstattar eldre styvingstre som døyr.

Eit styvingstre skal teljast som eitt tre sjølv om det har fleire stammar frå same rota. Det er ikkje krav om at lauvet må nyttast som fôr, men kappa greiner og lauv må fjernast frå området slik at området framstår som ryddig og stelt. Tilskotet vert berre gjeve for styvingstre av artar som det tidlegare har vore tradisjon på å styve: alm, ask, eik, lind, bjørk, selje og rogn. Styvinga skal utførast i samsvar med retningsliner utarbeidd av Fylkesmannen.

Vi viser elles til informasjonsheftet og rettleiingsmateriell på rmp-nettsida.

§ 11 Tilskot til skjøtsel av særleg verdifulle slåtte- og beitemarker

Tilskot kan gjevast til føretak som tek vare på og skjøttar gamle slåtte- og beitemarker som er særleg verdifulle for biologisk mangfald i kulturlandskapet.

Føremålet med ordninga er å ta vare på og skjøtte gamle slåtte- og beitemarker som er særleg verdifulle for biologisk mangfald i kulturlandskapet.

Ved vurdering av tilskot skal det leggast vekt på både den biologiske verdien av arealet og at skjøtsel av arealet følgjer retningslinjene i rettleiingsheftet.

Verdifull slåttemark:

- Engstykke i innmark (slåtteeng) eller utmark (utslått, myrslått) i langvarig hevd gjennom regelmessig slått, der gjødsling og/eller jordarbeiding ikkje eller berre i liten grad har vore praktisert
- Bør vere registrert som *slåttemark*, *lauveng*, *kalkrik eng*, *slåtte- og beitemyr* eller *fukteng* med verdi A, B eller C i Naturbase (sjå under Naturtyper i Gardskart)

Verdifull beitemark:

- Beitemark i langvarig hevd utan nemnande gjødsling eller jordarbeiding. Beita ligg ofte i overgangen mellom innmark og utmark
- Bør vere registrert som *naturbeitemark* eller *hagemark* med verdi A, B eller C i Naturbase (sjå under Naturtyper i Gardskart)

Føretak som mottok tilskot frå **tilskuddsordning for utvalgte naturtyper**, kan ikkje same året motta tilskot til skjøtsel av det same arealet gjennom Regionalt miljøprogram. Fylkesmannen si miljøvernavdeling har oversikt over kva areal dette gjeld.

Avgrensing av tilskotsareal:

Registrerte lokalitetar omfattar ofte eit større areal enn det som faktisk vert slått eller beita og halde i hevd. Det kan også vere område innafor arealet som ikkje er ein del av det biologisk verdifulle arealet. Område som ikkje vert skjøtta og område med t.d. bart fjell, skog, kratt og lyngvegetasjon skal trekkast frå. Kommunen må i kvart tilhøve vurdere om søkjaren har oppgjeve ein rimeleg arealstorleik.

Utfyllande informasjon om tilskot til skjøtsel av særleg verdifulle slåtte- og beitemarker v/Tore Larsen og Johannes Anonby:

Med «verdifull slåttemark» er det i RMP-ordninga meint tre naturtypar i den reviderte DN-handbok nr. 13 – Kartlegging av naturtyper – verdisetting av biologisk mangfold <http://www.miljodirektoratet.no/old/dirnat/attachment/54/Håndbok%2013%20080408LOW.pdf>, nemleg *slåttemark D01* (s. 5-59), *slåtte- og beitemyr D02* (s. 5-65), og *lauveng D17* (s.5-75). I den opphavlege versjonen av handboka fanst det også to naturtypar, kalkrik eng og fukteng, som ikkje lenger er eigne naturtypar i noverande handbok. I den grad lokalitetar av kalkrik eng og fukteng er forma av slått, kjem dei no inn under naturtypen slåttemark.

At ein lokalitet ligg i Naturbasen syner at han er vurdert av fagfolk og har ein verdi som gjer at han kjem inn under RMP-ordninga. Ver likevel merksam på at mange av registreringane kan vere gamle, og at verdien kan ha endra seg. Lokaliteten kan i nokre tilfelle ha vorte øydelagd av forfall eller gjødsling og ulike inngrep. I så fall bør Fylkesmannen v/Miljøvernavdelinga informerast.

Om forfall ikkje har gått i alt for mange år, vil gode lokalitetar ofte kunne restaurerast langt på veg gjennom rett skjøtsel. Dersom brukaren er interessert i å drive tradisjonell slåttemarkskjøtsel, og vil ta ekstraarbeidet som kan vere omfattande ved restaurering, bør ein difor ikkje avslå RMP-søknaden for registrerte lokalitetar sjølv om dei har forfalle ein del.

Omvendt kan det finnast gode lokalitetar som ikkje har vorte registrerte i Naturbasen. Då det kan ta tid før dei kjem inn i Naturbasen, og det er viktig at dei ikkje forfell i mellomtida, bør desse prioriterast for tilskot på line med andre lokalitetar. Dei stiller likevel større krav til at kommunen vurderer karakteren på lokaliteten opp mot identifikasjons- og verdisetjingskriteria i DN-handboka.

Slåttemark kan vere vanskeleg å definere og verdisette m.a. av di variasjonsbreidda er så stor, frå fattig til kalkrik, frå tørr til fuktig. Det er også store skilnader mellom indre, midtre og ytre strøk. Den største artsrikdomen finn ein gjerne på litt tørre stader på god berggrunn i indre fjordstrøk, og der attgroinga i mange tilfelle går seinare enn på fuktig og feit jord nærare kysten. Det er likevel eit overordna mål å ta vare på heile den regionale variasjonsrikdomen, altså også fuktige og naturleg næringsrike slåttemarktypar som raskt tapar seg når slåttan tek slutt, og slåttemark i regionar der artsmangfaldet i slåttemark er lågt.

For slåttemark- og lauvenglokalitetar med relativt lågt artsmangfald må ein vurdere artsmangfaldet opp mot kva som er karakteristisk for slåttemark/lauveng i den aktuelle regionen og jordsmonnet som naturleg er på staden. For slike meir artsfattige lokalitetar må ein leggje stor vekt på eventuell langvarig og kontinuerleg bruk på den tradisjonelle måten, og at det ikkje har vore gjødsling.

Som avgrensing av lokalitet som ikkje ligg i Naturbasen bør ein bruke det arealet som tradisjonelt har vore drive som den aktuelle naturtypen, og som ut frå gjerdehald eller naturlege avgrensingar er praktisk og påreknleg å drive på same måten som éi eining.

Unntak vil vere dersom størstedelen av stykket er så prega av gjødsling og moderne drift at det ikkje har eller kan reknast å få att den naudsynthe kvaliteten. Di større lokaliteten er, di viktigare er det å utelukke samanhengande areal som ikkje har naudsynt kvalitet.

For myr og fuktige engtypar bør ein vere særleg nøye på at dei ikkje har vore gjødsla. Fuktig eng vil gjennomgåande ha frodigare vokster enn tørr eng, slik at det skal mindre til før nitrogenelskande, storvaksne artar tek over og skuggar ut dei små. Gjødsling på myr kan lett endre levevilkåra for torvmosane og gjere lokaliteten meir lik ordinær fastmark.

To nyleg utarbeidde dokument kan vere til hjelp for karakterisering og verdivurdering av slåttemark, nemleg «Håndbok for registrering av verdifull slåttemark i Sogn og Fjordane» (Austad, Hauge og Hamre), og framlegg til nytt faktaark for slåttemark (Ellen Svalheim, revidert 21.mai 2013)

Med «verdifull beitemark» er det i RMP-ordninga meint dei to naturtypene *naturbeitemark D09* (s. 5.69) og *hagemark D05* (s. 5.73). Mykje som i dag vert nytta som beitemark har tidlegare vore slåttemark. Ved tvil om ein lokalitet er det eine eller andre bør ein leggje vekt på kva som har vore den historiske bruken av lokaliteten, og kva for artar som er dei mest sjeldsynte og særprega på lokaliteten, dvs. om dei er slåttemarksartar eller beitemarksartar. Det bør vere eit mål at RMP vert nytta til å oppmuntre den bruken som best tek vare på verdiane i området.

§ 12. Retningslinjer og satsar

Tilskot vert utbetalt etter utfyllande retningslinjer, satsar, definisjonar mv. fastsett av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

§ 13 Søknad og utbetaling

Det skal søkjast på søknadsskjema som er fastsett av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Søknadsfristen er 15.oktober. For tilskot til beitelag er søknadsfristen 10. november. Dersom det er søkt etter søknadsfristen vil utmålt tilskot bli redusert med kr 1000 per virkedag etter utløpet av fristen og opp til 20 virkedagar. Søknader som kjem inn seinare enn 20 virkedagar etter fristen vil ikkje bli handsama. Innvilga tilskot vert utbetalt til det føretaket eller beitelaget som søkte. Tilskot kan ikkje overførast til eige eller pant.

Registreringsdato for opplysningane er 1. oktober som for vanleg produksjonstilskot. Når det gjeld kven som kan søkje, syner vi til § 3. Søknader som vert leverte seinare enn 15. november, eventuelt 10. desember for beitelaga, skal avvisast på same måte som for produksjonstilskot, jf. Forskrift av 22.mars 2002 nr 283 om produksjonstilskot i jordbruket § 9. Unntaket er når det er gitt dispensasjon frå søknadsfristen.

§ 14 Administrasjon, dispensasjon og klage

Kommunen fattar vedtak om tilskot. Etter søknad kan Fylkesmannen i særlege høve gje dispensasjon frå denne forskrifta.

Vedtaka fatta av kommunen kan klagast på til Fylkesmannen. Vedtaka fatta av Fylkesmannen som førsteinstans kan klagast på til Landbruksdirektoratet.

Det er kommunen som handsamar søknadene og godkjenner eller avslår. Dersom kommunen ikkje godkjenner søknaden fullt ut, skal kommunen gje brukaren brev med grunngjeve avslag på kva som ikkje er godkjent og dermed redusert. Her gjeld dei vanlege reglane i Forvaltningslova om enkeltvedtak og klagerett. Fylkesmannen er klageinstans for vedtaka fatta i kommunen, men klagen skal sendast til kommunen som førsteinstans etter dei vanlege reglane i forvaltningslova. Vi ber om at dette blir opplyst til brukarane slik at dei ikkje sender klagen direkte til Fylkesmannen.

Ved eventuell retting av søknaden skal kommunen som for produksjonstilskot berre rette opplysningar som søkjaren har gjeve etter samråd med kommunen. Unntak frå dette er klare skrivefeil. Dersom kommunen utover klare skrivefeil elles oppdagar opplysningar i søknaden som ein meiner ikkje er korrekte, skal søkjaren kontaktast før retting vert utført. Det same gjeld dersom opplysningar manglar. Det skal noterast/forklarast i sakshandsamingssystemet kvifor eventuelle rettingar er utførte.

§ 15 Opplysningsplikt og kontroll

Søkjjar er pliktig til å gje alle opplysningar som kommunen, Fylkesmannen og Landbruksdirektoratet finn naudsynt for å kunne forvalte ordninga.

Kommunen, Fylkesmannen og Landbruksdirektoratet kontrollerer at utbetaling av tilskot er rett. Søkjjar pliktar å levere ut all bokføring, korrespondanse og dokument som vedkjem tilskotet. Opplysningar som er gitt i samband med søknad om tilskot kan også kontrollerast ved teljing og måling på dei eigedommane som føretaket disponerer i drifta.

Kommunen skal utføre kontroll på 5 % av søknadene, og utplukka av søknader til kontroll skal gjerast på bakgrunn av ei risikovurdering. For nærare informasjon om utplukk til og gjennomføring av kontroll viser vi til rundskriv 2018 – 17.

§ 16 Avkorting ved regelbrot

Dersom føretaket eller beitelaget aktlaust eller med føresetta har drive si verksemd i strid med anna regelverk for jordbruksverksemd, kan heile eller deler av det samla tilskotet bli avkorta.

Tilskotet kan avkortast eller falle bort dersom føretaket ikkje oppfyller, eller berre delvis oppfyller krava som er stilte i § 3, andre og tredje ledd. Av same grunn kan utbetalt tilskot heilt eller delvis bli kravd tilbake, jf. § 18.

Eventuell reaksjon ved brot på anna lovverk, til dømes kulturminnelova:

Dersom ein brukar bryt kulturminnelova på eitt av dei aktuelle elementa i RMP-søknaden (til dømes ein gravhaug), har vedkomande alt brote vilkåret om å «ta vare på og skjøtte verdfulle element i kulturlandskapet», og vil naturleg nok ikkje kunne få RMP-tilskot til kulturminne, og resten av RMP-tilskotet vil også kunne bli avkorta. I følgje Ldir. er hovudregelen at brot på andre lover i utgangspunktet blir handtert etter vedkomande lovverk. Men uttrykket «regelverk for jordbruksverksemd» omfattar også til dømes kulturminnelova og ureiningslova, så vi kan reagere dersom vi finn grunn til det i forhold til føremålet med RMP og det ikkje finst eigna sanksjonar i vedkomande lovverk.

§ 17 Avkorting ved feilopplysningar

Dersom føretaket eller beitelaget aktlaust eller med føresett har gitt feil opplysningar i søknaden som har eller kunne gitt grunnlag for urettmessig utbetaling av tilskot til seg sjølv eller andre, kan heile eller deler av det samla tilskotet avkortast. Tilskotet kan også avkortast dersom føretaket eller beitelaget ikkje har halde fristar som kommunen, Fylkesmannen eller Landbruksforvaltninga har sett for å kunne utføre sine kontrolloppgåver i medhald av § 15.

§ 18 Tilbakebetaling og renter mv.

Dersom eit føretak har mottatt ei utbetaling som det ikkje har krav på grunna manglande oppfyljing av vilkår i denne forskrifta eller av andre grunnar, kan det feilutbetalte beløpet krevjast betalt tilbake frå mottakar eller motreknast i seinare utbetalningar av tilskot. Det same gjeld differansen mellom utbetalt beløp og redusert tilskot som følgje av vedtak om avkorting etter § 16 og § 17.

For krav om tilbakebetaling kan det krevjast renter når kravet ikkje vert innfridd ved forfall. Ved grov aktløyse eller forsett kan det krevjast renter frå tidspunktet for utbetalinga av det urettmessige tilskotet. Storleiken på renta følgjer rentesatsen fastsett med heimel i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forseinka betaling m.m.

Krav frå offentlege styresmakter, som skriv seg frå føretaket si jordbruksverksemd, kan motreknast i seinare utbetaling av tilskot til føretaket.

Differansen som nemnt i første ledd kan tilleggast rente tilsvarande gjeldande morarente. Krav frå offentlig styresmakt som har grunnlag i føretaket si jordbruksverksemd kan motreknast i seinare utbetalningar av tilskot til generelle miljøtiltak for landbruket til føretaket.

§ 19 Iverksetjing

Forskrifta vert sett i verk 1. august 2018. Frå same tid vert Forskrift om tilskot til regionale miljøtiltak i jordbruket, Sogn og Fjordane av 1.juli 2015 oppheva.